



Alver kommune Miljø og tilsyn
Hogne Askeland
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2890 - 22/32092

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
26.04.2022

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om ny Hovudvassleidning - gbnr 441/9 Birkeland

Det går fram av den vedlagte søknaden at det er gjort ein grundig jobb med å vurdere tiltaket sin verknad på natur og landbruk.

Landbruksavdelinga har ikkje kapasitet pr. no til å gjera ei grundig vurdering av konsekvensar arbeidet kan ha spesielt for landbruket. Me vil peika på at å sikla god vassforsyning er ei viktig samfunnsoppgåve for kommunen og at dette arbeidet naturleg vil gje ein del ulemper mellom anna for landbruket, spesielt i anleggsfasen.

Basert på erfaring frå liknande prosjekt vil me difor gje nokre korte merknader.

- God dialog med gardbrukarane om kva som skal skje og når arbeidet vil føregå.
- Unngå graving på jordbruksarealet i vekstsesongen, dersom dette ikkje er råd må avlingstap for bønder kompenseras.
- Vera obs på driftsulemper for aktive bønder i anleggsperioden t.d gjerder som vert tatt ned, redusert tilkomst til areal. Avbøtande tiltak
- Setja krav om at der leidning går gjennom dyrka mark, må tilstanden til jorda (jorddjupne/steininnhald/hevd) vera minst like god som før arbeidet vart sett i gong
- Vera spesielt observant der leidning kryssar eksisterande landbruksgrøfter – desse må skøytast saman på rett måte.
- Minst mogleg kjøring på jordbruksareal for å unngå jordpakking- ikkje kjøring på våt jord
- Unngå arbeid på jordbruksareal i nedbørrike periodar

Landbruksavdelinga kan bistå undervegs i arbeidet dersom det er trong for det.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Miljø og tilsyn

Postboks 4

5906

FREKHAUG